

- LAGSBLAD -

Nr. 5

Mai 1938

21 året

## Formannen helsar lagsflokken.

Eg skal ikkje gjere meg likare enn eg er: Det *har* hendt at eg tykte det var ein lette når det leid ut i mai og eg kunde seie til meg sjølv at no var det ein lang sumar å kvile ut på etter alt arbeidet i laget. For det var tider då dette arbeidet fall overlag tungt — og likevel tyktest gi magert resultat.

Då er det dobbelt gildt å merke at straumen endeleg ein gong ber *med*. Og det har han gjort i det siste arbeidsåret. Nokor ytre årsak til dette er det ikkje lett å peike på. Me i styret har so nokolunde halde den same stemneleid som før. Men mykje har det nok havt å seie at det har lukkast å få lagsflokken so mykje meir aktivt med i arbeidet.

Eg har alltid meint at her var folk som dugde både til det eine og det andre, berre ein fann fram til dei. Og no er dette klårt for alle. Kor mykje gildt har me ikkje fått høyre av den store flokken «stutte»lagsfolk som har stått fram på den staselege talarstolen vår i vinter. Storsongarar har gjeve oss prov på givnaden sin, og det nye musikklaget har fått heile lagsflokken til å rugge i  $\frac{3}{4}$  takt!

Det er lærdom i å stå fram soleis — um det so berre er for ei forsamling av gode vener og kjenningar. Men det eg meiner er mest verdfullt med desse kveldane då lagsfolk sjølv syter for programmet, det er at dei fører oss nærare saman, styrkjer den kameratslege to-

nen og gjer heile samværet i laget friare. Og so vil det gjerne vere slik, at den som har ytt sitt til programmet ein kveld, han vil få eit nytt syn på lagsarbeidet. Han vil oppdage at det kan vere like gildt å gjere noko sjølv som berre å krevje og krevje av andre.

Men det går meir for seg i B.ul. enn det som ein ser på torsdagsmøta. Og tek ein serlaga med, so kan det trygt seiast, at ikkje i noko anna lag vert det arbeidt so ihuga av ein stor og interessert flokk lagsfolk.

Eit slikt arbeid må bere frukter, og dei som har vore med oss i vinter, har fått nyte godt av det. Det er og dette arbeidet me byggjer vår tillit til laget si framtid på.

*Vegard Sletten.*

## Sumaren 1938.

Det er underleg med den tida.— Ho fer so urimeleg snøgt. Det eine året kverv etter det andre. Me veit lite ordet av det fyrr me er gamle folk vortne. — Og det snodige er at di eldre me vert, di snarare går åra.

Då eg var liten, tykte eg det var ei æva fyrr sumaren kom. Og endå lenger frå det tok til å myrkna

um hausten til jol, med snø, is og det som fylgjer med det slaget. Slik kann det vera skilnad.

Eg tykkjer det er ikkje so mange vikone sidan me var samla til haustfest på Hafrsro. Og longe står ein ny sumar for døra. Rett nok er det ikkje mykje *sumar* å tala um i denne stunda dette vert skrive. Men me får vona vergudane blidkar til att litt halvsnart no! I alle høve til 17 mai.

Det er jamt so at er fyresumaren kald og sur, kann det likevel verta storveges varmt og godt seinare. Lat oss tru at dette merket slår til i år. Me er ikkje for mykje utskjemde med vene sumrar på våre kantar, so ein retteleg «indian» kunde koma vel med ein og annan gongen.

Det er mykje gildt me kann nytta den ljose årstida til. Fotturar i skog og fjell er helsesamt bå' for kropp og sjel. Jæren og Sørlandet er som skapt til sykleturar, og øyane innyver er makelause idyllar for dei som er so hepne at dei kann koma dit. Alt kann vera like framifrå. Og me vil rå alle til å nytta det ut etter beste evne.

Men me vil no trass i alt peika på det som for oss lagsfolk i B.ul. er det grummaste av *alt*: Vår *eigen* utferds plass — *Hafrsro!*

Det er skrive og sagt mykje vakkert til Hafrsro sin pris. Me skal difor ikkje taka det uppatt her. Eitt er visst: Eldre lagsfolk er glade i utferdsstaden vår. Mange

har visseleg havt nokre av dei gildaste stundene sine der ute. Det er ikkje radt fåe som har funne kvarandre på *dei* tuftene!

Med dette vil me ikkje på nokor vis skræma dei nye lagslemene burt frå Hafrsro. Tvert um! Me vil so godt me maktar rå alle nye lagsfolk til å taka alt fyrste sundagsturen sin til Hafrsro. Legg ein vegen yver Udlandhaug, går ein ut på vel 1½ time. Ein nett høveleg tripp millom middagen og kaffien. — Elles går Sola-bussen frå Strandkaia rett som det er på dagen. Mat tek ein med. Kaffi får ein kjøpa der ute.

Etter som det lydest har Hafrsro-styret rått seg til både eitt og hitt til å trøyta tida med der ute. Idrottsfogner av ymse slag, leikor og spel. Laugeplassen skal reinskast upp, so det vert nok eit «badeliv» av ei onnor verd, spår me.

Me møtest difor på Hafrsro so ofte me har høve til det utetter sumaren!

Me ynskjer alle fagre månader framyver! Og vel møtt til hausten!

## Syttende mai.

Som vanleg vert det fest i Bondeungdomslaget um kvelden. Han tek til kl. 8, og er berre for lagsfolk som har løyst kort for 1938.

Me har ingen ting høyrte frå festnemnda. Men venteleg vert det ein ovgild fest på alle måtar.

B.ul. er den sjølvsgde feststaden for alle lagsfolk på nasjonaldagen!

Det var ei stund tanken å skipa til noko umframt noko i folketoget i år. Diverre legg det seg so mange vanskar i vegen at den idéen ein hadde truleg lyt gjevast på båten.

Men visst er det at i folketoget vert B.ul. med. Me vil difor oppmoda *alle lagsfolk til å vera med i toget. Ein møter utanfyre Matstova til den tida som vert fastsett ved uppslag eller lysing.*

Lagsfolk! Lat oss syna oss denne gongen! Har de bunad, so tak henne på! Har de ikkje, so kom utan! Di fleire me er, di gildare er det å gå i eit tog.

Har de aldri so lite vyrdnad for det laget de er med i, so syn det den æra at de går under Bondeungdomslaget sitt merke den dagen!

## Spelkveld.

Sundag 1ste mai synte spellaget fram «Til Sæters» for fyrste gong. Stykket er ikkje stort, berre ein bolck, og framsyninga er gjort på ca. 1 time. Men det er vel verd å sjå likevel, for «Til Sæters» er eit feiande friskt songspel; og den sorten har me ikkje havt for mange av i B.ul.

Handlinga i stykket er heller tunn. Slik det plar vera i lette lystspel og farcer, og då er det andre ting som må vera til stades i so

mykje større mun skal framsyninga koma velberga i hamn. I «Til Sæters» er det songen i det store og heile som avgjort er den viktugaste faktor. Kann ikkje spelarane syngja godt her, vilde heile stykket ha falle i fisk. *Alt* står og fell med songen.

Dei ymse røystene var vene, i alle høve dei som skulde vera det. Ingen ventar at ein gamal gniar av ein peparsvenn skal ha ei Caruso røyst. Di galnare han syng, di festlegare vert typen.

Det kann ikkje nektast at ein merkar nervøsitet når dei unge skal fram å syngja sin fyrste song åleine. Noko meir kraft hadde gjort seg betre. Me veit dei har nøgda å taka av alle saman. Då vil og orda verta tydelegare og med det handlinga i stykket klårare for publikum.

*Bjarne Hovden* som spela student nr. 1 var eit undantak i so måte. Han gjorde sin entré på telet i brodden for dei tri studentane slik at me formeleg kjende det som eit friskt vêr frå havet. So song han opningssongen sin på ein so velsigna naturleg og frisk måte som berre ein livsglad student som lever i «nuet» kann gjera det. Publikum gløymde radt kvar dei var, og Hovden hausta fagning for ope tele. Slikt er ikkje vanlegt i B.ul.

*Olav Askvik* og *Einar Kvasheim* som student nr. 2 og 3 hadde ikkje mykje dei skulde ha sagt, endå

minder dei skulde ha sunge; men dei var med i «det store kor», dessutan var dei gilde å sjå på. Kvasheim trur eg forresten kunde gjort meir utav rolla si. Forfatteren har visseleg havt ei meining med student nr. 3, han skulde vel vera rake motsetnaden til student nr. 1, og Kvasheim kunde utan tvil ha set rolla si ein smule meir på spissen, utan at det heile vilde ha verka som karrikatur.

Dei tvo unge stølsgjentone var *Margit* og *Borgny Hatleskog*. Margit spela den største og mest krevjande rolla. Ho var flink, men for nervøs til å få gjort det so godt som me veit ho kann. Dette var vel nettupp rolla for Margit Hatleskog. Her kunde ho spela seg sjølv og boltra seg som fisken i vatnet. Ung, livsglad, vilter og full av fantestykke, nøyda belarar, men ingen god nok. Dette er «Sigrid» stølsgjente. Og kven skulde illudera betre der enn nett Margit Hatleskog?

*Borgny Hatleskog* var debutant. Ho fortener lovord for songen sin. Røysta hennar er ven; ho syng ikkje kraftigt, men likevel høyrer ein helt tydeleg kvart ordet ho syng. Spelet vil nok koma etter når ho får nokre fleire øvingar på seg.

*Erik Ryen* var ein forelska unggut som vilde dra til Amerika fordi skulehaldaren gjekk på friarføter til kjærasten hans. Ein kann nok skyna Ryen at han er sorgsam og

utav seg, men han må få røysta upp trass sin ulukkelege kjærleik. Meir kraft på songen. Røysta kann vera sorgsam for det.

Dei tvo belarane til Sigrid vart spela av *Th. Nesvik* og *Anton Ree*. Dei var ypperlege typer båe, kvar på sitt vis. Ree var ein gamal, rik peparsvenn. Nesvik skulde vera ungguten. Scena, der desse tvo står med Sigrid millom seg, friar kvar sin gong og syng: «Sigrid kom til meg, du,» er i seg sjølv umåteleg festleg. Med meir spel og ein grand fantasi burde spelarane få mykje meir utav ein slik uvanleg situasjon. Det heile er då so låtteleg.

Sist, men difor ikkje *minst* nemner eg *Einar Molaug*. Han spela skulehaldaren, og hadde i sanning ein stor kveld. Typen var «teken på kodnet», klæbunaden perfekt, frå den store, vide hatten til stoken i handa som han for og fekta med. «Sproget» og spelet kunde vel snaut ha verka meir truverdigt. Molaug datt ikkje ut or rolla si fordi um «heila bøle» var inne på telet samstundes. Og her er me also ved det veike punkt: «dei store scenene». Her ser det ut for at det aldri kann øvast for mykje. Fart og presisjon må her meir enn nokon annan gong vera tilstades. Nokre øvingar til på «Til Sæters», og det vil verta ei hugnad å sjå det enno ein gong.

T. H.

## Årsmøtet i Noregs ungdomslag 1938.

Noregs ungdomslag held i år årsmøte på Fagernes i Valdres i dagane 23 til 25 juni. Det er ein uvanleg fager stad midt i ein av dei gildaste dalane landet eig. Centralt er det med framifrå vegar og jarnveg. Me spår at mange kjem til å nytta ferietida si til å fara til dette årsmøte.

Saklista er kunngjort i Norsk Ungdom. Det som serleg har interesse for oss der burte er *lagsbruksskatten*. Prøvetida for den skipnaden me fekk for 1½ år sidan er no ute. Det spørst difor kva me får i staden. Den millombels skipnaden med ½% av umsetnaden er ikkje som han skal vera. I tronge tider kann han koma svært på tvert for våre lagsbruk. Utsendingane frå vårt lag må difor setja alt inn på eit brigde. Det er i grunnen ille at ingen av lagsbruksstyret vart vald til utsending sidan ei so «materieell» sak skulde dryftast. Men lagsfolket vilde det ikkje soleis, kann det sjå ut til. Me får vona at alle som ein av dei som vart valde kjem til å slå eit slag for våre interessor. Det er *Alf Edvardsen Selvik*, *Vegard Sletten*, *Elfrid Edvardsen Selvik* og *Ragnhild Aarhus* som skal forsvara våre fargar på Fagernes. — Til varamenner vart valde: Nelly Husebø, Erik Ryen, C. Hatteland og Olav Nævdal.

Etter det me har frett vert det ikkje til at leikarringen kjem til å reise som *ring*. Det høver ikkje so godt med ferien for mange. Det er likevel all grunn til å tru at ein kjem til å leiga ein buss til ferda. Og då skulde det verta både greid og billeg tur for dei som kjem i frå. Dei som vil vera med på ein sovoren buss må melda seg snarast råd er på lagskontoret. Innkvartering og dilikt må ordnast i tidar må vita. Det vert ei fagna ferd!

So ynskjer me utsendingane og alle som reiser lukke til!

## Boksamlinga vår.

Boksamlinga vår har fått ein heller bra tilvokster siste året. Samlinga er auka med 32 band og er no på 820 alt i alt. Det er ikkje so lite, og me er visse på at det vil vera noko for kvar smak. Lagsfolka bør nytta boksamlinga vår. Det er brukt noko av nettoen frå den siste bok-bollefesten. Men det er ein god slump att enno, so det skulde verta ein grand å kjøpa bøker for til hausten og.

Dei nye bøkene i 1937 er:


- 789 Barmann, Ole: Sjørøp.
- 790 Bridges, T.C.: På von og våge.
- 791 Dahl, Th.: En hest, en prest og en morildmann.
- 792 Duurloo, Ellen: Bodil i Byen.
- 793 Floden, Halvor: Vi har bruk for deg.

- 794 Floden, Halvor: Erik med fela.
- 795 Gullvåg, Olav: Det byrja ei jonsoknatt.
- 796 Gulatingslovi.
- 797 Kvåle, Sigurd: Siglaren.
- 798 Mælandsmo, Ingebjørg: Nittan år.
- 799 Norsk Folkedikting: Eventyr 2.
- 800 Rogaland Fylke gjennom 100 år.
- 801 Rytter, Henrik: Norden har ordet.
- 802 Setrom, Ola: Medan steinane mel.
- 803 Sveen, Åsmund: Svartjord.
- 804 Turistf. Årbok 1928—1929.
- 805 —»— 1930—1931.
- 806 —»— 1932—1933.
- 807 —»— 1934—1935.
- 808 —»— 1936—1937.
- 809 Østgaard, N. R.: Ei fjellbygd.
- 810 Bondeungdomslaget: Lagsbladet 1926—1937.
- 811 Rogalands historielag: Årsskrift 1930—1938.
- 812 Samtiden 1929.
- 813 —»— 1934.
- 814 —»— 1935.
- 815 —»— 1936.
- 816 —»— 1937.
- 817 Syn og Segn 1932.
- 818 —»— 1934.
- 819 —»— 1936.
- 820 —»— 1937.

## Retting:

I medlemslista for 1937 stod O. E. Pedersen, Hetland, skal vera O. E. Resi, Hetland.

*Hu hei!  
Kor e det vel  
friskt og lett . . .*



## „Sportsbunad.“ (Framhald.)

Tyrolardrakten er eit godt fyredøme i so måte. Den er uvanleg praktisk til sumarbruk. Dertilerhan svært klædeleg, gild å sjå til og visseleg ikkje serleg kostesam heller.

Dei vanlege sportsklæde me karane nyttar nett no er visseleg vel so praktiske til fyremålet som ein Rogalandsbunad. Det er ikkje det. Og til vinters bruk er det vandt å koma umfram dei gjengse skiklæde. Men kvinnone vil vonleg ikkje misunna oss ein grand lettare påklæd-

nad i største sumarhiten. Me har lenge nok klædd oss som naut me som mannfolk er. Og då er eit sovore plagg, som me har slege fram på um framfyre, heilt på sin plass.

Det gjeld berre um å få dei rette til å taka seg av saka. Dei som har gått i brodden for kvardagsbunaden åt kvinnone vil venteleg vera dei rette til å setja denne idéen og ut i livet.

Me let difor tanken gå vidare til Stavanger Husflidsforening, og vonar i alle høve at det vert *set* på um noko kann gjerast.

# Vaktlista for „Hafrsro“.

- 7 mai. OPNINGSFEST ! ! ! !
- 14 mai til 15 mai. Ingrid Johnsen, Borghild Fisketjøn og Einar Nordaker.
- 21 mai » 22 mai. Margit Hatleskog, Borgny Hatleskog og Arnulv Eskeland.
- 28 mai » 29 mai. Karl Hatteland og kona.
- 4 juni » 5 juni. Bergljot Hodnesdal, Edit Bromeland og Knut Aabø.
- 11 juni » 12 juni. Tila Gudmundson, Nelly Sirnes og Anton Ree.
- 18 juni » 19 juni. Gerd Bjelland, Ingeborg Nilsen og Kåre Vølstad.
- 25 juni » 26 juni. JONSOKFEST ! ! ! !
- 2 juli » 3 juli. Åslaug Larsen, Ågot Hansson og Otto Hiim.
- 9 juli » 10 juli. Borghild Folkvord, Rasmine Gjemre og Ths. Clemmetsen.
- 16 juli » 17 juli. Julie Ryen, Klara Risvold og Brynjulf Skjærpe.
- 23 juli » 24 juli. Synøva Sigvaldsen, Olga Risvold og Knut Viste.
- 30 juli » 31 juli. Tora Wignes, Ragnhild Saltvold og Theod. Nesvik Johannesen.
- 6 aug. » 7 aug. Olaug Wåge, Magna Nesheim og Bjarne Borsheim.
- 13 aug. » 14 aug. Agathe Hansen, Ruth Torgersen og Erik Ryen.
- 20 aug. » 21 aug. Edwardsen Selvik og Lars Bøe med koner.
- 27 aug. » 28 aug. Rakel Espedal, Gunhild Moluf og Tor Espedal.
- 3 sept. » 4 sept. Pauline Søndenå, Bergit Molaug og Sigmund Molaug.
- 10 sept. » 11 sept. Nelly Husebø, Sølga Talgø og Olav Askvik.
- 17 sept. » 18 sept. Johs. Hatteland med kona.
- 24 sept. » 25 sept. STYRET.

Kassastyrar er: Ragnhild Århus.


---

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar Johs. Hatteland.

---

Aktietrykkeriet i Stavanger 1938.





**SOMA**  
ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!  
Største utvalg

*Frukt  
Tobakk  
Cigarar*

Alltid gode varor

**OLAV HAMRE**

Telefon 3440                      Nytorget 5

**Kåpe- og Kjolesøm**  
utføres

**Nelly Husebø**

Telefon 4232      Økonoms gård  
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER  
OG  
PAPIR**  
i NYGATEN 2  
øverste hjørnehus

**K. OPSANGER**  
BOKHANDEL ◀ PAPIRFORRETNING

**ANDVAKE** Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

*Umbodsmenn i Stavanger:*

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32  
skuleinspektør Øystein Eskeland  
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12  
kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4  
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76  
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

*Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.*

**Matstova**

Øvre Holmegt. 20

*Middag frå kl. 12-16*

**Kaffistova**

Østervåg 25

*Middag frå kl. 12-16*

**Kaffistova**

Torget 6

**Mostun**

ved Mosvatnet

**Bondeungdomslaget.**

## Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott  
utval i

## Ull-kjolety

til gamle prisar.

**EINAR NORDAKER A/S**  
SØREGATA 9

## Stavanger Colonialforretning

har byens beste  
brendte kaffe

## VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810 f


Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

## A. Mauland A/s

Klostergården - Telef. 2645

*Elektrisk Forretning*  
*Radioapparater*



Engelsmindegaten 15 - Telefon 311

Lars Bø

Elektrisk  
installasjonsforretning


Ingi gåva

prydet

som blommar frå

Blomstehallen

## Belysningskunst




Cicelør - Verkstad Heilandsgt. 45

## Lagsfolk!

Kjøp dykkar frukt,  
sjokolade, confekt,  
tobakk, sigarar og  
sigarettar hjå

**Pedersgt.s Frukthforretning A/s**  
Pedersgata 39

Varene vert sende heim  
Ring telefon 4547k



„SVITHUN“ er den beste sykkel  
Avbetaling innrømmes

**MASKINHUSET A.S**  
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i  
Spaser-, Sports-  
og Arbeids . . .

**Skotøi**

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabrikker  
Yderst lave priser  
Best - billigst.  
En detail - en gros

**O. THORSNÆS**

KIRKEGATEN 42 STAVANGER  
TELEFON 3690

**A. IDSØE**

Telefon . . 102 - 458  
Rikstelefon 3020 - 3089

*Byens største Kjøtt-  
og Pølseforretning*

Etablert 1828

Parafin  
hengelampor

Elektriske  
ljosekronor

**J. ØSTEBØ**

**STAVANGER**  
Verksgt. 2 - Telefon 1873

Steinty

Postelin

Glasvaror

En gros - En detail

ALT I

**HEILNORSK GARN**

Rogalandsgarn    Norgesgarn  
Tvinggarn        Plantef. garn  
Glitregarn        Slumregarn  
Gretegarn

**ROGALANDS ULLVARELAG**  
BREDGATA 16

**Ingeleiv Eikeland**

**Syforretning**

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!  
Rimelege prisar og  
alt i nyaste snitt.

**Godt drikka!**

Løna med fleire medaljor

Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS  
SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT  
VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

**GUNNAR LØVIK**

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228





**Garantien for  
god margarin!**



**A/S MARGARINCENTRALEN**